

SAK 51/25 VAL AV NY RÅDSORDFØRER**Saksopplysning:**

I samarbeidsavtala for Hallingdal interkommunale politisk råd som er vedtatt i alle kommunar står det m.a.:

«Hallingdal interkommunale politiske råd - Regionrådet for Hallingdal består av ordfører frå kvar kommune, med møte- og stemmerett. Varaordførarane er varamedlemmer for ordførarane. Regionrådet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar for heile valperioden»

Noverande rådsordfører har søkt fritak frå sine verv i Ål kommune fordi ho er valt inn på stortinget. Det betyr at ho må erstattast også i Regionrådet. Denne saka handlar derfor om val av ny rådsordfører i Hallingdal for reisten av denne valperioden.

Oversikt over rådsordførarar dei siste 30 åra:

Årstal	Rådsordfører	kommune	Varaordfører	kommune
1995-1999	Arne Skogheim	Hol	Hans Bækken	Flå
1999-2003	Arne Skogheim	Hol	Hans Bækken	Flå
2003-2007	Audun Aasheim	Nes	Hans Bækken	Flå
2007-2011	Oddvar Grøthe	Hemsedal	Torleif Dalseide	Ål
2011-2015	Oddvar Grøthe	Hemsedal	Tor Egil Buøen	Flå
2015-2019	Oddvar Grøthe	Hemsedal	Solveig Vestenfor	Ål
2019-2023	Solveig Vestenfor	Ål	Pål Rørby	Hemsedal
2023-dd	Solveig Vestenfor	Ål	Merete H Gandrud	Ål

Vurdering:

Det står ingenting i samarbeidsavtala om korleis rådsordfører skal veljast, bortsett frå at valet gjeld for heile valperioden. I Hallingdal har gjerne rådsordføraren hatt vervet i fleire periodar, sjå oversikt, men det er heilt opp til Regionrådet sjølv å avgjera dette. Det er semje i Regionrådet om at partipolitisk ståstad ikkje betyr noko i eit slikt val, men det går an å sjå på ansiennitet, kapasitet, eller kva kommune der er som står for tur.

Saka blir lagt fram utan innstilling

Forslag til vedtak

Etter framlegg frå xx vart:

NN samrøystes valt som rådsordfører for neste 2-års periode.

Hallingdal 18.10.2025

Jan Olav Helling

Dagleg leiar